

Årsmelding 2020 - Vang frivilligsentral



Sentralen held ope måndag, tysdag og onsdag frå 11:00 til 15:00 på Vangstunet.
Delar av året har sentralen vore stengt grunna koronapandemien.



Juleavslutning på Niste med noko attåt

Vang frivilligsentral sin handlingsplan og korleis den har vore løyst i 2020:

Hovudmål: ***Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang***

Visjon: **Møte mellom menneske**

Delmål 1: *Vere ein sosial møteplass på tvers av alder, bakgrunn og interesser*

Sentralen har ope 3 dagar i veka, og mange bruker normalt lokala til å studere, låne datamaskinar, spele spel osv. 12. mars stengte vi dørene. Frå 2. mai opna vi gradvis opp, med visse restriksjonar. Ut heile året har vi halde på at vi berre har ope *for ærend*. Det har difor vore generelt lite besøk, og vi har ikkje vore ein sosial møteplass som normalt.

Saman med biblioteket og andre har frivilligsentralen arrangert 16 enkeltarrangement i 2020, som foredrag, konsertar, verkstader mm. Til saman deltok om lag 1190 besøkande på desse arrangementa og på våre faste aktivitetar. (sjå s 4-7) Då vi starta opp igjen med arrangement etter nedstenginga vart desse gjennomført med plassrestriksjonar og påmelding.

Delmål 2: *Vere ein støttespeler for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen*

Samhandlinga med frivillige lag har dette året først og fremst handla om informasjon knytt til koronasituasjonen. Dagleg leiar bidrog frå mars og fram til sommaren også i kommunen sin infostab.

Delmål 3: *Auke det eksisterande tilbodet der det er behov*

Oppdrag - I 2020 har vi ikkje løyst nokon enkeltoppdrag. Det har vore både ein nedgang i hendvendingar, samt at det er utfordrande å finne frivillige. Sidan koronapandemien råka har vi generelt vore tilbakehaldne med å formidle frivillige til private oppdrag.

Koronatiltak - Då sentralen stengte prøvde vi å skape nye tilbod tilpassa situasjonen. Vi etablerte tenesta *telefonvenn* i samarbeid med Røde Kors Omsorg, og tilbaud matbutikkane å rekruttere frivillige til handlehjelp. Vi bad også publikum om å melde inn behov og forslag. Vi opplevde ikkje noko særleg respons på noko av dette. Om vi ikkje nådde ut med informasjonen eller om behova ikkje var tilstades er vanskeleg å svare på.

Niste med noko attåt - Etter sommaren starta vi opp ein ny fast møteplass, måndagar i lunsjtid. Nokon gonger med kulturelle innslag, andre gonger med den gode samtala i fokus.

Andre faste aktivitetar - Leksekubben, middagsserveringa på Storplogen og norsktimen har vore operative fram til 12. mars og etterkvart som vi opne opp, med til saman 14 frivillige. 5 frivillige har øvingskjørt til saman 41 turar med 7 elevar i 2020. 1 av elevane har tatt lappen i 2020.

Julegåvedugnad - Sentralen har tatt i mot og pakka inn julegåver som tidlegare år.

BUA - 13.2.20 vedtok kommunestyret å sette i gang etablering og drift av ein utstyrssentral, etter at vi har jobba med saka sidan 2018. Gjennom året fikk vi avklart og satt i stand lokale, kjøpt inn utstyr, teikna partnarskapsavtale med BUA, og klargjort for opning i starten av 2021.

Digihjelp - Saman med biblioteket har vi halde fram med å utdanne oss sjølv til å kunne rettleie publikum som ønskjer hjelp med digitale spørsmål. Tilbodet blir satt i gang i 2021.

Delmål 4: *Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda*

Frivilligsentralen har eiga nettside, og facebookside med 917 følgjarar pr 31.12.20. Vi publiserte 129 innlegg i 2020. Vi har også jamleg heilsider i menighetsbladet, pressemelding og annonse i avisene samt plakatar og nyheitsbrev ved arrangement og andre nyheter.

Frivillige

39 frivillige har utført om lag 500 timer med frivillig arbeid for sentralen dette året. Av desse er om lag 54% kvinner og 46% menn. 30% er bebruarar på mottaket. 38% er pensjonistar. Frivillige med faste oppdrag vart i desember invitert til middag på Tyinkrysset fjellstue.

Økonomi

Kommunen fikk dette året kr 440 000,- fra staten for å ha frivilligsentral. Vi fikk også kr 100 000,- fra Gjensidigestiftelsen for å drive med 'meistring og læring.' Delar av desse midlane er overført til 2021. Samla driftsregnskap: kr 818 036,-

Styrearbeid og årsmøte

Hovedutval for levekår er sentralen sitt øvste organ. Årsmøte 2020 vart halde 19.2.

For 2020 vart følgjande styre valt:

Ragni Almenning Havro	(styreleiar)
Oddbjørn Skeie	(rep. frå adm.)
Elisabeth Myhre	(rep. frå HUL)
Kari Hagaseth	
Hallgrim Rogn	
Gerd Marken	
Hadgu Gebreluul	
Laila Otervik	(vara)



Kari, Elisabeth, Hallgrim, Gerd, Oddbjørn og Ragni

Styret har hatt 4 styremøter, samt bidrige på julegåvevedugnaden og enkelte arrangement. Styreleiar har deltatt på intervju av søkerane til stillinga som ny medarbeidar.

Regionalt arbeid

Vestoppland nettverksgruppe har hatt redusert aktivitet under pandemien.

Dagleg leiar har engasjert seg i arbeidet for å få gjort om at statstilskotet frå 2021 skulle baserast på innbyggjartal. 17.6.20 vedtok Stortinget at 'finansiering av frivilligsentraler overføres til et øremerket tilskudd på Kulturdepartementets budsjett fra 2021 for å sikre finansiering til frivilligsentraler i både små og store kommuner', og sentralar over heile landet jubla.

Tilsette

På Norges Frivilligsentraler sitt landsmøte i oktober vart Marte valt til styreleiar, for to år. Vervet er lønna i 20%, ho søkte difor 20% permisjon frå Vang kommune frå 1.12.20. Are Flaten vart frå same dato tilsett i 20% som medarbeidar, med BUA som sitt ansvarsområde.

VÅRPROGRAMMET I SAMARBEID MED BIBLIOTEKET

		Besøk
Onsdag 29.1 kl 19	Kunsten å ikke kaste mat foredrag med forfattar og matakтивist Thomas Horne	25
Sundag 9.2 kl 19	Konsert med Oddbjørn Skeie og Gyda Grøndalen i høve <i>Den klassiske gitarens dag</i>	50
Fredag 21.2 kl 12	Morsmålsdagen: konsert med Kouame Sereba + dikt og musikk, i samarbeid med Vang mottakssenter og Vang læringscenter	60
Veke 9	Vinterferieaktivitetar familiekonsert med Hemsing og Villa + gamingverkstad med BiblioGames ++	45
Fredag 28.2 kl 18-20	Skredkveld med Leif Øyvind Solemsli lær god turplanlegging ut frå skredvarsle og skredfarevurdering	40
Onsdag 11.3	Presentasjonskurs med skodespelar Nina Schjeide	30
Tysdag 31.3 kl 12.30	Bokleik for alle 6-åringar/skulestartarar	AVLYST
Onsdag 1.4 kl 19	Bokfinkenes krimfavoritter <i>Bokfinkene</i> har flydd frå Toten til Vang for å gje nokre kriminelt gode lesetips til påske	
Onsdag 8.4 kl 20	Kva vil du med Vang? Pøbbprat og problemløsing i samarbeid med Innovasjon og Vang utvikling	
Laurdag 25.4 kl 10-16	Reparasjonsverkstad og redesignkurs med Veronica Glitsch i samarbeid med Vang husflidslag og <i>Vinjerock heile året</i>	
Onsdag 13.5 kl 12	Sykkelmekking og elsykkel-testing frivillige hjelper deg å få sykkelen i stand for våren	
1.6	Årets Sommarles-kampanje startar	
Tysdag 9.6 kl 12	Fleirkulturell vårfest: mat frå heile verda i samarbeid med Vang mottakssenter og Vang læringscenter	

FASTE AKTIVITETAR

		Besøk
Tysdagar kl 15.30	Lekseklubb	40 (8x5)
Onsdagar kl 12	Norsktime med Elisabeth Sparstad	120 (8x15)
Tidspunkt kjem	Lesesirkel	10 (2x4)

Om lag 250 deltok på vårens arrangement + om lag 168 på våre faste aktivitetar.
I tillegg arrangerte vi sommarfritidsklubb med 3x12 deltakarar.



Oddbjørn Skeie og Gyda Grøndalen



Morsmålsdagen



Vinterferieaktivitetar



Skredkveld



Presentasjonskurs



SommarFritidsKlubb

HAUSTPROGRAMMET I SAMARBEID MED BIBLIOTEKET

		Besøk
Laurdag 12.9 kl 12	Avslutning av årets sommarles: Brevene. Vandreteater av og med Dominik Schmidt-Philipp og Ragnhild Lund. Premiar til årets vinnarar.	38
Torsdag 17.9	Sopptur og soppkontroll v/Valdres sopp- og nyttevekstforening. Tur til Fugleberg kl 17.00, kontroll på biblioteket kl 20.	10
Onsdag 23.9 kl 19	Meir enn mat - kva spis vi, kvifor og korleis? Aktuell kokebokforfattar Mia Frogner, forleggjar Lennart Krohn-Hansen, Nationen-journalist Hilde Lysengen Havro og lokalmatprodusentar.	40
Tysdag 28.9 kl 10-16	Kurs i søknadsskriving for restaureringstiltak v/ Valdresmusea. Korleis søke midlar til restaurering av bygningar og kulturlandskap?	utsett
5., 6., 7.10 kl 11-15	Kunst- og forteljarverkstad med Ivanir Sibylla Hasson & Kat Hagen. Utforsk fargar, forteljingar og følelsar! For ungar over 10 år. 16 plassar.	12+30
Onsdag 14.10 kl 19	Musikken etter korona. Julie Forchhammer i samtale med artist, forfattar og aktivist Moddi, om livet som musikar i koronaens tid. Minikonsert.	40
Laurdag 17.10 kl 13	Opning av årets haustutstilling Astrid Nondal. Måleri	27
Tors 29.10 og fre 30.10 kl 19	Kva vil du med Vang? Pøbbprat og problemløsing, i samarbeid med Innovangsjon.	30
Onsdag 4.11 kl 19	Bokbad Kirsti Baggethun i samtale med Kjersti Annesdatter Skomsvold	30
Tysdag 24.11 kl 19	Lesegleider Litteraturformidlarar frå fylkesbiblioteket presenterer nye, aktuelle bøker	14
Onsdag 2.12 kl 19	Bokkveld med utdeling av positivprisen	40
Dato kjem!	Opning av BUA Vang	utsett

FASTE AKTIVITETAR

		Besøk
Måndagar kl 11.30	Niste med noko attåt	136 (17x8)
Tysdagar kl 15.30	Leksekubb	70(14x5)
Onsdagar kl 12	Norsktime med Elisabeth Sparstad	210 (14x15)
Datoar kjem	Lesesirkel	10 (2x5)

Om lag 310 deltok på haustens arrangement + om lag 426 på våre faste aktivitetar.

Til saman gir det om lag 1190 besøkande på arrangement og aktivitetar i 2020.

Fleire av arrangementa gjennom året hadde fokus på meistring og læring, knytt til midlane frå Gjensidigestiftelsen.



Avslutning Sommarles



Meir enn mat



Musikken etter korona



Kunst- og forteljarverkstad



Kva vil du med Vang



Niste med noko attåt

Takk til alle frivillige som stiller opp, utan dykk er vi ingen ting!



Kontakt

61 36 94 25 // 46 81 64 73
www.vang.frivilligsentral.no

frivilligsentralen@vang.kommune.no
www.facebook.com/vangfrivilligsentral